



Alle dei vakre, kraftige påskeliljene er ein pryd for auga.

**Vi har tidlegare år vist den flotte og fargerike skråningen til Anne Kjersti og Håvard Lunde når krokusen har stått i blom. No er same skråningen dekkja av kraftige, gule påskeliljer som står tett i tett. Eit vakkert syn som dei fleste beundrar når dei kjører forbi. Nokre tøyer det mykje lengre!**

Ein dag sist veke stoppa ein bil. Ei dame gjekk ut og opp i skråningen og gav seg til å plukka av dei vakre blomane. Ein nabo observerte hendinga, og brølte for å stoppa plukkinga. Dama hoppa då ned frå kanten og for vidare i bilen.

Det er ikkje einaste gangen det har vore ubedne gjester der. Det skulle jammen vera tydeleg nok at dette er privat eige!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland